

# Oppsummering innspel- planoppstart

<b>Plannamn</b>	Småbåthamn Ålfoten
<b>Plan-ID</b>	
<b>Saksnummer (Nordplan/kommune)</b>	250177
<b>Utarbeidd av</b>	Siri Gausemel
<b>Datert/revidert</b>	16.12.25, oppsummering av innspel 18.12.25, arbeidsmøte med AB og BM, 05.05.26

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Fjordenes tidende og på kommunen si heimeside. I tillegg er grunneigarar og offentlege etatar tilskrivne. Frist for uttale var sett til 15.12.2025. Det er kome inn 6 innspel. Sitat frå innspela er markert med kursivskrift. Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er oppsummert slik:

	<b>Dato/avsender/gbnr Oppsummert innspel</b>	<b>Nordplan sin kommentar</b>
1	17.11.2025 Linja as  <i>Linja AS har lavspent kabling innenfor planområdet. Dersom disse anleggene kommer i konflikt med planene, må de legges om.</i>  <i>For forsyning av tiltaket må her etableres lavspent kabling fra eksisterende nett i området, evt. etableres ny nettstasjon inkl. høyspent kabling fra eksisterende nett i området. Løsning vil være avhengig av effektbehov for tiltaket. Ved behov for ny nettstasjon må det settes av plass til denne i planen, og vi ber om at plassering blir avklart med Linja.</i>	Planforslaget opnar for etablering av 26 båtplassar. På austsida av butikkbygget, gnr.bnr 115/40 og 115/72, står eit straumskap. I følgje Hilde Ørjansen i Linja, (muntleg, via grendalaget) er det nok kapasitet på det skapet til at ein kan kople seg på straum der. Nærare avklaring med SFE i høyringsfasen.
2	21.11.2025 Fiskeridirektoratet  Gjer særleg merksam på at det i planområdet er registrert ein låsetjingsplass for brisling, ein fiskeplass for aktive reiskapar og eit lokalt viktig gytefelt for torsk. Ingen nyare data om bruk av låssetjing, noko fiskeriaktivitet i området. (...) <i>Torsken gyt i perioden 1. januar – 30. april, og i påfølgande månader mai og juni vil det vere egg, larvar og yngel i vassmassane, og i grunne område i nærleiken av gytefeltet. I dette tidsrommet er dei ekstra utsett for ytre påkjenningar som støy under vatn og små partiklar.</i> (...) <i>Tiltakshavar må ta føre seg ein tilfredsstillande vurdering og skildring av planen sine verknadar for marine ressursar og marint miljø, vasskvalitet, samla belastning på økosystemet i fjorden, samt for aktuelle fiskeri. Låssetjing, samt gyteperiode for torsk kan sette avgrensingar for når tid på året ein eventuell utfylling kan gå føre seg. Dersom det</i>	Det er sendt melding til Sildesalgslaget med spørsmål om bruk av låssettingsplassen og fiskeriaktiviteten. E-posta av 28.04.26, og tlf. og e-post 27.04.26. Vi har fått tilbakemelding i e-post av 28.04.26 frå Sildesalgslaget. Dei finn ingen innmelde fangstar eller låssettiing dei siste åra. Det blir vidare uttalt at dei ser ikkje at småbåthamna vil skape problem for fiskeri. I planomtalen er det gjort nærare vurderingar knytt til dei marine ressursane og vasskvaliteten. Det er ikkje aktuelt med utfylling i sjøen, kunn flytande element.  Det er elles i føresegnene stilt krav om at etablering av småbåthamna ikkje skjer i gyte og hekkesepong, dvs. perioden mars – august.

	<p><i>går føre seg brislingfiske i fjorden kan det vere naudsynt å unngå utfylling under dette fisket.</i></p> <p>Planarbeidet må inkludere ei vurdering av låssetjingsplassen, fiskeplassen og gyteområdet.</p> <p>Oppmodar om at også Norges Sildesalgslag SA vert involvert i planarbeidet. (Varslingspapira er vidareformidla 16.12.25).</p>	
3	<p>26.11.25 NVE</p> <p>Deler av området ligg innanfor aktsemdsområde for kvikkleire. Fare for områdeskred må avklarast i planarbeidet. NVE tilrår å nytte prosedyren i kap. 3.2 i NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»</p> <p><i>Fareområde, dvs. areal som ikkje stettar krava til tryggleik i TEK17 § 7-3, må de innarbeide i plankartet som omsynssone H310 Ras- og skredfare. Føresegnene må sikre tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.</i> (...)</p> <p><i>Vi må elles føye til at utbygging og inngrep i strandsona kjem i ei særstilling. NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred» har eit eige avsnitt (kapittel 2.8) om aktsemd i strandsona. Skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av lokal overbelastning i sjø.</i> (...)</p> <p><i>Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med pbl § 2-4 og Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkingar og naturfareutredningar. Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne dato. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG.</i></p>	<p>Era Geo har utført geoteknisk vurdering av fare for kvikkleireskred og vurdering av forureina grunn.</p> <p>Rapport datert 27.2.26, konkluderer slik:</p> <p>«Ettersom grunnundersøkelsene viser faste friksjonsmasser og ikke indikerer sprøbruddmateriale vurderes det at tiltaksområdet ikke ligger i et løsne- eller utløpsområde for kvikkleireskred. Områdestabiliteten vurderes som ivaretatt iht. NVEs Veileder 1/2019 (2).»</p>
4	<p>11.11.25</p> <p>Statsforvaltaren i Vestland (SFV)</p> <p>(...)</p> <p><i>Vi forstår det slik at planområdet er utvida mot sørvest (samanlikna med areal sett av til småbåthamn i arealdelen) hovudsakleg for at alle forankringspunkta skal vere innafor plangrensa.</i> (...)</p> <p><i>Aktuelle tema her er biologisk mangfald, landskap, friluftsliv, universell utforming, barn og unge/trafikktryggleik, støy m.m.</i> (...)</p> <p><i>Vi er samde i, og støttar, vurderinga av at det kan vere ei langt betre løysing å heller legge til rette for eit noko større småbåtanlegg i område VS25 enn å opne for småbåtanlegg med omfattande natur- og landskaps-inngrep på Sigdestadneset. Vi har ikkje merknader til at det vert vurdert ei løysing med utvida småbåtanlegg her, dersom dette kjem i staden for småbåtanlegg ved Sigdestadneset.</i> (...)</p>	<p>To forankringspunkt ligg utanfor plangrensa, då dei strekker seg langt ut og ned mot -30 meter.</p> <p>I planomtalen er verknad for dei ulike tema vurdert.</p> <p>Som det går fram av planomtalen går ein ikkje vidare med småbåthamn ved Sigdestadneset. Småbåthamna i Ålfoten erstattar denne, og legg til rette for 26 plassar i staden for 10 som var føresetnaden i KPA.</p>

	<p><i>Vi rår då til å plassere eventuelle nødvendige nye fyllingar i tilknytning til, og som utviding av, dei eksisterande fyllingane. Dette for å i størst mogleg grad skjerme dei grunne fjøreområda og dei meir naturprega delane av strandlinje mot øydelegging.</i></p> <p><i>(...)</i></p> <p><i>Slike grunner langs land i sjøen er generelt viktige for biologisk produksjon og mangfald, og fungerer ofte som beiteområde for fisk og fugl. Grunner i nærleiken av bekkeutløp har ofte ein særleg funksjon som næringsområde for t.d. sjøaure. Ivaretaking av slike funksjonsområde for biologisk mangfald er eit viktig plantema. Utfylling og muddring i gruntområde er øydeleggjande for slike kvalitetar. Vi rår til å vurdere om det kan vere mogleg å få til andre løysingar for skjerming og bølgedemping enn å etablere ein molo, som t.d. betongflyteelement, for å unngå omfattande utfylling i sjøen.</i></p> <p><i>SFV minner om at det skal gjerast ei vurdering etter naturmangfaldlova, og at det skal lagast ROS-analyse der reell fare/sårbarheit skal vere heilt og fullt avklart.</i></p>	<p>Det er ikkje aktuelt med utfylling i sjø. I staden er det lagt opp til flytande konstruksjonar, med forankring i sjøbotn.</p> <p>Flytande konstruksjonar medfører i liten grad negativ verknad for marint naturmangfald.</p> <p>Landarealet inn mot bekken er regulert til grønstruktur.</p> <p>Det er utarbeida eiga ros-analyse, og denne viser at det ikkje er vesentlege farar knytt til etablering av småbåtanlegget.</p> <p>Havnivåstigning og stormflo vil påverke etablert bygningar, og potensielt medføre tap av økonomiske verdiar. Ikkje fare for liv og helse. Det er krav om nødvendige sikring for tiltak som krev byggeløyve.</p>
5	<p>12.12.25 Vestland fylkeskommune (VFLK)</p> <p>Forankringsdokument: -Regional plan for klima 2022-2035 -Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassforvaltningsregion</p> <p><u>Planfagleg merknad</u> (...) <i>I planinitiativet er det ikkje lagt vekt på at Saksnr: 2025/58007-3 Side 2 av 4 området også er eit lokalsenter. Utvikling av området ved nærbutikken som lokalsenter må også vere ein del av denne planprosessen.</i></p> <p><u>Medverknad</u> (...) <i>Ålfoten er definert som lokalsenter og det difor særleg viktig at kommunen legg til rette for brei medverknad i planprosessen. I det vidare planarbeidet er det viktig at forslagsstillar synleggjer korleis innspel som har kome fram gjennom medverknadsprosessen er vurdert og tatt stilling til.</i></p> <p><u>Stadutvikling og strandsoner</u> (...) <i>Vi vil oppmode til at detaljreguleringsplanen legg vekt på området som lokalsenter og kva for funksjonar det skal leggast til rette for framover.</i></p> <p><i>Når kommunen vil legge til rette for utbygging i området som omfattar strandsona, må de vere merksam på at det innanfor 100-metersbeltet skal takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Dette er uavhengig av om arealet er avsett til</i></p>	<p>Etablering av småbåthamn vil bidra til å forsterke Ålfoten som lokalsenter. Samlokalisering kan bidra til å styrk bruken av butikken og kafeen som møteplass for bygda.</p> <p>Det er ikkje gjennomfør folkemøte, men medverknad i denne saka er sikra gjennom eit velfungerande grendalag. Kontaktperson for Ålfoten Grendalag i saka har vore Bjarte Myklebust, han har også vore deltakande i dei alle fleste arbeidsmøte med kunde. Grendalaget deltek og engasjerer seg, dei informerer og arbeider både internt og vidare ut til dei som bur i området.</p> <p>Planforslaget legg til rette for vidareføring av dagens tilbod med butikk og kaféverksemd. Arealet gir ikkje rom for særleg andre aktivitetar enn småbåtanlegg som er sterkt ønskt av dei lokalt busette. Parkeringsanlegg og toalett/sanitær fasilitetar er føresett nytta i sambruk.</p> <p>Tilgangen til strandsona blir i liten grad endra som følge av småbåthamna som blir ein flytande konstruksjon i sjøen. Eksisterande naust får</p>

	<p><i>byggjeføremål i KPA. Tiltaket må ikkje føre til privatisering av strandsona i området. Allmenn tilgang til sjø og strandsona kan sikrast gjennom ein detaljreguleringsplan.</i></p> <p><i>Vi vil òg minne om at reguleringsplanen må vise byggegrense mot sjø dersom planen opnar for gjennomføring av byggetiltak jf. plan og bygningslova § 1-8. Det er anbefalt å forankre byggjegrænse i plankartet. Føresegnene bør brukast til å definere kva byggjegrænse er og for kva tiltak den gjeld. Byggegrense mot sjø bør trekkast så langt vekk frå sjølinja som mogeleg, og byggegrensar for eksisterande tiltak bør ligge tett kring det fysiske tiltaket, og ikkje i føremålsgrænse eller tomtegrænser.</i></p> <p><u>Kulturminne/kulturmiljø</u>  <i>Innanfor plangrensa ligg det fleire bygg som er registrert i SEFAK-registeret. Det eine av desse bygga er registrert med raud trekant som betyr at det er av regional interesse. Vi ber også at det vert teke omsyn til steinkonstruksjonar som eldre vorrar og landingsplass for båtar i dette området.</i></p> <p><u>Samferdsel</u>  <i>Vestland fylkeskommune ber om at trafikktryggleik vert eit eige tema i planarbeidet. Både i planskildringa og Ros-analysen. (...) det må vurderast i planarbeidet om utviklinga det vert regulert for, vil gje ei tydeleg auke av trafikk i vegkrysset ved vegreferanse FV614 S8D1 m2980, og om det må gjerast tiltak i vegkrysset mellom fylkesveg 614 og den kommunale Ålfotevegen. Om det viser seg at utviklinga vil krevje utbetring av vegkryss, må det vurderast rekkjefølgjekrav knytt til utbygginga, og gjennomføringsavtale. Storleiken på anlegget og tilrettelegginga av parkeringsplassar med meir vil påverke Vestland fylkeskommune avdeling for infrastruktur og veg si vurdering av vegkrysset.</i></p> <p><u>Vassforvaltning</u>  <i>(...)I alle forslag til regulerings-planar må det vurderast om planen kan ha innverknad på vassførekomstar i eller i tilknytning til planområdet.</i></p>
<p>6 11.12.25          Ålfoten LivOGLyst og Ålfoten grendeutval          Er svært positive til oppstart av detaljreguleringa. Det har vore arbeid lenge for å få til ei småbåthamn i Ålfoten. Understrekar at det må vege tungt at dette no er den einaste aktuelle plasseringa i Ålfoten. Viser også til at det på kort tid er signert 20 interessentar for plass i båthamna og at dette dokumenterer behov for tiltaket. I staden for 20 ulike inngrep i bygda si strandsona vert dette no samlokalisert og det vert sett som ein stor fordel for alle partar.</p>	<p>oppretthalden sine tilflott og strandlinje vil elles bli som i dag.</p> <p>Byggegrensa mot sjø er sett i veggiliv for etablerte bygg slik som butikk og bustad. For naust er det sett i formålsgrænse mot sjø.</p> <p>Strandsona er relativt utilgjengeleg i dag, utanom sjølve opptrekksplassen for nausta. Ved parkeringa er det steinfylling og kai.</p> <p><u>Kulturminne/kulturmiljø</u>          Det er ingen registrerte kulturminne innanfor plangrensa. Markeringa som det er vist til er truleg eit bygg aust for parkeringsplassen, og som no ser ut til å vere ein fritidsbustad.</p> <p><u>Samferdsel</u>          Det er opna for 26 plassar i småbåthamna. 20 personar har gjort bindande avtale om plass. Dei aller fleste bur i gangavstand til hamna. Det er elles lite grunn til å tru, basert på erfaring frå andre småbåthamner, at alle reiser ut samstundes.</p> <p>Av trafikkvurderingsnotatet til Nordplan, går det fram at krysset mellom Fv. 614 og Kv. 3605 fungerer tilfredsstillande etter dagens trafikkmengder, den genererte trafikkauken som følgje av etablering av småbåthamn i Ålfoten, er så liten at det ikkje vil påverke krysset mellom Fv. 614 og Kv. 3605 i nokon grad. Sjølv om kommunalvegen går inn på fylkesvegen med ein vinkel som er skarpere enn kravet i N100, er det løyst ved ei utvidingslomme på nordsida, siktkrava er også opprettheldt.</p> <p><u>Vassforvaltning</u>          Det er vurdert at planforslaget ikkje vil gi negativ verknad for vassførekomsten. Som før nemnd er det ikkje tale om utfylling. Det er heller ikkje lagt opp til etablering av slipp og båtpuss.</p> <p>Merknaden til grendeutvalet er imøtekomen. Det er lagt til rette for ei småbåthamn med 26 plassar og plassert mot vest. I reguleringskartet er småbåthamna vist med illustrasjonslinje med rettleiande plassering. Dette for å ta høgde for ev behov for mindre justeringar ved utlegging.</p>

	Det er også eit sterkt ynskje at småbåthamna skal dragast så langt vest som råd. Det er viktig at den ligg vest om nærbutikken Ålfoten ( gbnr 115/40).	
7	Jan Hütter - Naboane berre på tlf. foreløpig – mest mulig avstand, lite kapasitet på drikkevannet 3m <sup>3</sup> i privat bekk for deira hus.	Merknad er imøtekomen m.o.t plassering. Det blir ingen vassforsyning til hamna.
	Andre moment <ul style="list-style-type: none"><li>• VAO rammeplan</li><li>• Veg/trafikkvurderingar</li></ul> Dialog Marina Solutions	OK

Mal sist revidert 04.09.2024 SG